



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Styret i Bordgleder Kinn kommune KF
Møtestad: Bordgleder
Dato: 22.10.2025
Tid: Kl. 11:00 - 13:00

Følgjande medlemmer møtte

Lone Marlen Bareksten
Petter Karl Refsnes
Jacob Andrè Telvik Nødseth

Forfall

Madelen Øvrebotten Hopen
Tore Skarstein

Varamedlem

Liv Marit Breilid

Andre som møtte:


Halvor Halvorsen, dagleg leiar

Måløy, 27.10.2025

Jacob Andrè Telvik Nødseth
Styreleiar Bordgleder KF

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
027/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/25	Godkjenning av møteprotokoll
029/25	Dagleg leiar si rapportering til styret
030/25	Bordgleder Kinn kommune KF - Revidert drifts- og investeringsbudsjett 2025-2028
031/25	Bordgleder Kinn kommune KF - Driftsbudsjett, økonomiplan og investeringsbudsjett 2026-2029
032/25	Handlingsplan 2026 - Bordgleder Kinn kommune KF
033/25	Refererte skriv og meldingar



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/55407
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 15.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	22.10.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 22.10.2025:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:


Ingen merknadar.

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.

BOGL- 027/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/55347
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 15.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
028/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	22.10.2025

Godkjenning av møteprotokoll

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 22.10.2025:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.

BOGL- 028/25 Vedtak:


Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Styret i Bordgleder Kinn kommune KF - 22.09.2025

Protokoll - Styret i Bordgleder Kinn kommune KF - 06.10.2025



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	22.10.2025

Dagleg leiar si rapportering til styret

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret i Bordgleder tek dagleg leiar si orientering til vitande.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 22.10.2025:

Handsaming:

Framlegg frå styret, foreslått av ,

Styret tek til vitande arbeidet dagleg leiar gjer for å på reglementmessig korrekt måte svare godt ut innsynsbegjæringane som er kome frå representantar frå ålmenta. Sjølv om dette er arbeidskrevjande for ein liten administrasjon er styret heilt samd med dagleg leiar om at det er viktig at å svare desse ut på ein god og rask måte har høg prioritet frå dagleg leiar.

I tillegg til eksisterande rapportering ber styret om at styret kvartalsvis får ein grundigare rekneskapsrapport der òg rekneskapssjefen deltek i styremøtet for å orientere.

Styrer konstaterer at det ikkje ligg føre alvorlege avvik, og at dei avvik som er rapportert meir har preg av innspel til forbetring. Slike innspel er viktige, og styret er tilfreds med at dagleg leiar arbeider godt med slik kvalitetsutvikling.

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.

Framlegg frå styret samrøystes vedteke.

BOGL- 029/25 Vedtak:

Styret i Bordgleder tek dagleg leiar si orientering til vitande.

Styret tek til vitande arbeidet dagleg leiar gjer for å på reglementmessig korrekt måte svare godt ut innsynsbegjæringane som er kome frå representantar frå ålmenta. Sjølv om dette er arbeidskrevjande for ein liten administrasjon er styret heilt samd med dagleg leiar om at det er viktig at å svare desse ut på ein god og rask måte har høg prioritet frå dagleg leiar.

I tillegg til eksisterande rapportering ber styret om at styret kvartalsvis får ein grundigare rekneskapsrapport der òg rekneskapssjefen deltek i styremøtet for å orientere.

Styrer konstaterer at det ikkje ligg føre alvorlege avvik, og at dei avvik som er rapportert meir har

preg av innspel til forbetring. Slike innspel er viktige, og styret er tilfreds med at dagleg leiar arbeider godt med slik kvalitetsutvikling.

Bakgrunn for saka:

I tråd med styret sitt vedtak og fast praksis skal dagleg leiar ved kvart styremøte leggje fram ei statusrapportering om sentrale driftsområde. Rapporten skal gje styret eit samla oversyn over situasjonen i verksemda og peike på eventuelle utfordringar eller tiltak som krev styret si merksemd.

Saksopplysningar:

1. Økonomisk situasjon

Det er gjeve ei orientering om den økonomiske statusen per september 2025.

2. Sjukefråvær

Sjukefråværet i perioden har vore [x %]. Oppfølging skjer i tråd med IA-rutinar og arbeidsmiljølova § 4-6, som pålegg arbeidsgivar å følgje opp sjukmeldte arbeidstakarar og leggje til rette for tilbakeføring til arbeid.

På grunn av få tilsette og omsyn til personvern vert denne delen av saka unntatt offentlegheit i samsvar med **offentleglova § 13**, jf. **forvaltningslova § 13 første ledd nr. 1**, som vernar opplysningar om personlege forhold.

3. Avvik

Alle avvika er følgde opp og lukka, og det er sett i verk førebyggjande tiltak.

4. Salgsarbeid

Salgsaktiviteten har vore retta mot vidareutvikling av marknaden gjennom tiltak innan **marknadsføring, kundekontakt, nye produkt , anbud**. Målet er å styrkje Økonomien til Bordgleder og sikre jamn ordretilgang.

Ettersom dette punktet omfattar opplysningar av **forretningsmessig karakter**, vert det unntatt offentlegheit etter **offentleglova § 23 første ledd**, som opnar for unntak når innsyn kan skade verksemda sine konkurransemessige interesser.

5. Økonomisk omstilling


Dagleg leiar orienterte om framdrifta i arbeidet med økonomisk omstilling. Arbeidet omfattar tiltak for kostnadskontroll og effektivisering.

6. Innkomne skriv og meldingar

Det er ikkje motteke skriv, meldingar eller pålegg frå samarbeidspartnarar, offentlege instansar eller andre.

Vurdering:

Dagleg leiar si rapportering gjev eit tilfredsstillande grunnlag for styret si oppfølging av drifta. Det vert vurdert at dei tiltaka som er sette i verk, er relevante for å møte utfordringar innan økonomi og drift.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	22.10.2025

Bordgleder Kinn kommune KF - Revidert drifts- og investeringsbudsjett 2025-2028

Innstilling frå dagleg leiar:

1. Styret i Bordgleder KF vedtek dagleg leiar sitt framlegg til revidert drifts- og investeringsbudsjett for 2025–2028.
2. Styret tek til orientering at prognosar for vekst i eksternt sal er fjerna frå budsjettgrunnlaget, i tråd med forsiktighetsprinsippet.
3. Styret ber dagleg leiar halde fram arbeidet med å auke eksternt sal og effektivisere drifta, med mål om redusert kommunal overføring på sikt.
4. Revidert budsjett blir sendt til Kinn kommune til orientering og vidare handsaming.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 22.10.2025:

Handsaming:

Justert tabell lagt fram av dagleg leiar, er lagt ved som vedlegg til saka.

Røysting:

Dagleg leiar si innstilling samrøystes vedteke, med justert tabell som lagt fram av dagleg leiar.

BOGL- 030/25 Vedtak:

1. Styret i Bordgleder KF vedtek dagleg leiar sitt framlegg til revidert drifts- og investeringsbudsjett for 2025–2028, med justert tabell lagt fram av dagleg leiar.
2. Styret tek til orientering at prognosar for vekst i eksternt sal er fjerna frå budsjettgrunnlaget, i tråd med forsiktighetsprinsippet.
3. Styret ber dagleg leiar halde fram arbeidet med å auke eksternt sal og effektivisere drifta, med mål om redusert kommunal overføring på sikt.
4. Revidert budsjett blir sendt til Kinn kommune til orientering og vidare handsaming.

Bakgrunn for saka:

Bordgleder Kinn kommune KF legg med dette fram framlegg til revidert drifts- og investeringsbudsjett for perioden 2025–2028.

Formålet med revisjonen er å sikre eit meir realistisk og berekraftig budsjettgrunnlag, i tråd med

gjeldande økonomiske føresetnader og kommunen sine overordna mål for føretaket.

Saksopplysningar:

1.1 Forslag til revidert budsjett og økonomiplan

Beløp i 1000 kroner	Forslag til	Godkjent			
Driftsbudsjett 2025 - 2028:	rev.2025	2025	2026	2027	2028
Lønnsutgifter	6.380	6.380	5.300	5.449	5.623
Varekostnader	4.487	6.072	4.622	4.760	4.903
Energikostnader (strøm)	350	850	350	350	350
Husleie til Kinn kommune	1.710	1.710	1.761	1.814	1.869
Renteutgifter	302	302	270	250	250
Avdrag	790	790	790	790	790
Andre driftskostnader	2.219	3.120	2.630	2.762	2.855
Avskrivning	790		790	790	790
Sum Utgifter	17.028	19.224	16.513	16.965	17.091
Salg eksterne kunder	-4.000	-6.820	-4.120	-4.244	-4.371
Kinn kommune- kjøp	-7.430	-11.804	-7.653	-7.882	-8.118
Kinn Kommune - overføring	-4.808		-3.950	-4.049	-4.150
Motpost avskrivning	-790	-450	-790	-790	-790
Sum inntekter	-16.688	-19.074	-16.513	-16.625	-17.430
Til disposisjonsfond/ overskudd	0	-115	0	0	0

2.1 Hovudendringar i budsjettet

Bordgleder har revidert budsjettet og økonomiplanen for 2025–2028. Prognosar for vekst i eksternt sal er fjerna. Dette gjev eit meir nøkternt og realistisk budsjettgrunnlag etter forsiktighetsprinsippet, men det tyder ikkje at føretaket har lagt bort ambisjonen om auka eksternt sal. Auka eksternt sal er eit hovudfokus for Bordgleder vidare, i tillegg til å levere gode tenester til Kinn kommune. Eventuell auke i eksternt sal vil bidra til reduserte kostnader for Kinn kommune – anten gjennom lågare prisar, reduserte overføringar frå kommunen eller auka utbyte til kommunen. Allereie med eksisterande eksternt sal ser vi at bidraget frå denne aktiviteten fører til at kostnaden for kommunen med å drive kjøkkenet i Florø vert om lag 1 million kroner billegare. Det er dette positive bidraget til kommunen sin økonomi vi må forsterke, og som er kjernen i å drive kjøkkenet som eit kommunalt føretak.

2.2 Løn og bemanning

I Deloitte sin rapport frå august 2023 vert det lagt til grunn at bemanningsbehovet er 7 årsverk. Gjennom kontinuerleg forbetnings- og effektiviseringsarbeid meiner dagleg leiar og styret i Bordgleder at ein klarer seg med ei bemanning på 5,5 årsverk. Reduksjonen vil først tre i kraft frå 2026, når bemanninga vert redusert frå 7,7 til 5,5 årsverk. Målet er å redusere bemanninga utan oppseiingar, ved at tilsette får anna arbeid i kommunen der det er behov.

2.3 Vare- og energikostnader

Trass i auka matvareprisar dei siste åra har føretaket hatt god kostnadskontroll, samstundes som

brukaren framleis står i fokus.

Når det gjeld energikostnader, er budsjettet for 2025 basert på estimat frå leverandørar. Føretaket har så langt hatt lågare energikostnader enn venta, men nokre fakturaer står att. Dagleg leiar konstaterer at det vert spekulert i mogleg prisauke i 2026 med tanke på etablering av ny infrastruktur mellom prisområda i straummarknaden, men dette er så uklart at det ikkje er teke omsyn til i budsjettarbeidet.

2.4 Rapporten frå Deloitte

I oktober 2023 vart det lagt fram ei rapport i kommunestyret i Kinn frå Deloitte (utført i august same år) om kostnadene ved nytt kjøkken og ulike alternativ. Rapporten viste at Kinn kommune vil få høgare faste kostnader til renter, avdrag og husleige. Deloitte anslo ein kostnad på kr 172 per torettars meny (utan leveransar til Måløy).

Til samanlikning får Bordgleder i 2025 kr 138,60 per meny. Med prisveksten på 6,2 % dei siste to åra (SSB) tilsvarar dette ein pris i 2025 på kr 182,70 etter Deloitte sine berekningar.



(Grafikk hentet fra rapporten s. 9)

2.5 Endra leveranseomfang

Kommunestyret vedtok i 2023 at Bordgleder skal levere mat både i søre og nordre Kinn i helger og på raude dagar. Dette har påverka utgiftsgrunnlaget utan at det fullt ut er gjeve tilsvarende kompensasjon.

2.6 Overføring frå Kinn kommune

Bordgleder vil takke kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen for svært konstruktiv og løysingsorientert dialog om vegen vidare for Bordgleder.

Kommunedirektøren ønskjer at vi ei tid budsjetterer med ei ekstra overføring frå Kinn kommune til Bordgleder for å kompensere for dei økonomiske utfordringane, som i hovudsak har to årsaker:

1. Lågare betaling frå Kinn kommune per måltid enn føresett i Deloitte-rapporten (2023).
2. Lågare eksternt sal.

Bordgleder legg til grunn kommunedirektøren sitt ønskje om korleis dette skal framstillast vidare og tek det inn i budsjettet.

Kommunedirektøren er òg samd med Bordgleder i at auka eksternt sal – og at det elles vert skapt ro rundt Bordgleder sitt arbeid for å lukkast med nettopp dette – er det aller viktigaste for både Bordgleder og Kinn kommune si økonomi. Auka eksternt sal vil redusere kommunen sine totale utgifter til matleveransar og drift av kjøkkenet i Hjellegata 2, som kommunen uansett er forplikta til å dekkje som del av å gje eit forsvarleg tilbod til innbyggjarane som treng levert mat.

Bordgleder arbeider aktivt for å auke inntektene og dermed bidra til reduserte kostnader for kommunen. Jo større volum og fleire kundar føretaket har, desto lågare vert kostnaden per porsjon, og desto betre vert kommunen sin totaløkonomi.

3. Investeringsbudsjett 2025–2028

Bordgleder gjorde det vi kunne for å redusere investeringsbehovet ved flyttinga, og tok med det vi kunne av eksisterande maskinpark. Vi har opphavleg planlagt kjøp av nytt utstyr i 2025 for å erstatte

maskiner som no er 14 år gamle. Denne investeringa er flytta til 2026.

	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2025- 2028
Inventar og utstyr	0	850	500	450		1800
Egenkapital innskudd KLP	139	25	25	30	30	249

44. Oppsummering


Revidert budsjett og økonomiplan gjev eit realistisk bilete av Bordgleder si drift dei komande åra, der forsiktigheitsprinsippet ligg til grunn. Føretaket opprettheld eit stabilt tenestetilbod, men med nøktern budsjettering og tydelege tiltak for effektivisering og kostnadskontroll.

Framtidig vekst i eksternt sal vil vere avgjerande for å redusere kommunen sine netto utgifter og styrkje føretaket si økonomi.

Vedlegg i saken:

Rapport DELOITTE- Kostnad kommunestyrevedtak 2023

Lagt fram i møtet - Revidert budsjett 2025



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	22.10.2025

Bordgleder Kinn kommune KF - Driftsbudsjett, økonomiplan og investeringsbudsjett 2026-2029

Innstilling frå dagleg leiar:

1. Styret i Bordgleder KF vedtar daglig leiders forslag til driftsbudsjett 2026, økonomiplan 2027–2029 og investeringsbudsjett 2026–2029 slik det kommer frem av saksframlegget.
2. Budsjettet legges til grunn for driften i 2026 og oversendes kommunestyret i Kinn kommune til behandling.
3. Styret ber daglig leder fortsette arbeidet med å øke ekstern omsetning for å redusere behovet for kommunal overføring.
4. Eventuelle endringer i inntektsgrunnlaget legges frem for styret og Kinn kommune i revidert budsjett 2026.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 22.10.2025:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.

BOGL- 031/25 Vedtak:

1. Styret i Bordgleder KF vedtar daglig leiders forslag til driftsbudsjett 2026, økonomiplan 2027–2029 og investeringsbudsjett 2026–2029 slik det kommer frem av saksframlegget.
2. Budsjettet legges til grunn for driften i 2026 og oversendes kommunestyret i Kinn kommune til behandling.
3. Styret ber daglig leder fortsette arbeidet med å øke ekstern omsetning for å redusere behovet for kommunal overføring.
4. Eventuelle endringer i inntektsgrunnlaget legges frem for styret og Kinn kommune i revidert budsjett 2026.

Bakgrunn for saka:

Bordgleder KF skal i henhold til vedtektene og kommuneloven utarbeide forslag til driftsbudsjett, økonomiplan og investeringsbudsjett for kommende fireårsperiode. Budsjettet skal vedtas av styret og oversendes Kinn kommune som eier.

Saksopplysninger:

Daglig leder legger med dette frem forslag til:

- Driftsbudsjett for 2026
- Økonomiplan for 2027–2029
- Investeringsbudsjett for 2026–2029

Budsjettet er utarbeidet etter **forsiktighetsprinsippet**, og bygger på nøkterne forutsetninger for inntekts- og kostnadsutvikling, samt kjente rammer fra Kinn kommune. Prognosene for vekst i eksternt salg er forsiktige, men foretaket opprettholder ambisjonen om å øke eksternt salg for å redusere kommunens kostnader over tid.

For å oppnå balanse i 2026 uten overføring fra Kinn Kommune må foretaket oppnå en omsetningsøkning på om lag 9 millioner kroner gjennom nye kunder og økt salg til eksterne aktører. Økt eksternt salg er derfor et hovedfokus for Bordgleder i kommende periode


Vurderingar:

Budsjettet er i balanse i hele planperioden. Balansen oppnås gjennom realistiske forutsetninger for kostnadsutvikling og en forutsatt overføring fra Kinn kommune. Dersom Bordgleder lykkes med å øke eksternt salg, vil behovet for kommunal overføring reduseres gradvis – med mål om å gjøre foretaket selvfinansierende på sikt. Allerede i dag reduserer den eksterne omsetningen kommunens kostnader med ca. 1 million kroner årlig.

Vedlegg i saken:

Budsjett 2026 fremlagt

Rapport DELOITTE- Kostnad kommunestyrevedtak 2023



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	22.10.2025

Handlingsplan 2026 - Bordgleder Kinn kommune KF

Innstilling frå dagleg leiar

1. Styret i Bordgleder Kinn kommune KF godkjenner «Handlingsplan 2026 – Bordgleder Kinn Kommune KF» som styringsdokument for verksemda i 2026.
2. Dagleg leiar får fullmakt til å gjennomføre tiltaka i tråd med planen, og til å rapportere status kvart kvartal til styret.
3. Styret understrekar at arbeidet med å sikre økonomisk balanse og vidareutvikle ekstern marknad skal ha høg prioritet.
4. Behovet for beredskapsløysingar, herunder straumaggregat for trygg drift ved straumbrot, skal utgreiast og leggst fram for styret i eiga sak innan 2. kvartal 2026.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 22.10.2025:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.

BOGL- 032/25 Vedtak:

1. Styret i Bordgleder Kinn kommune KF godkjenner «Handlingsplan 2026 – Bordgleder Kinn Kommune KF» som styringsdokument for verksemda i 2026.
2. Dagleg leiar får fullmakt til å gjennomføre tiltaka i tråd med planen, og til å rapportere status kvart kvartal til styret.
3. Styret understrekar at arbeidet med å sikre økonomisk balanse og vidareutvikle ekstern marknad skal ha høg prioritet.
4. Behovet for beredskapsløysingar, herunder straumaggregat for trygg drift ved straumbrot, skal utgreiast og leggst fram for styret i eiga sak innan 2. kvartal 2026.

Bakgrunn for saka:

Handlingsplanen for 2026 byggjer på strategiplanen 2024–2028 og peikar ut dei prioriterte områda for vidare utvikling.

Saksopplysningar:

Vurderingar:

Handlingsplan 2026 vidarefører hovudmåla frå strategiplanen og set fokus på økonomisk berekraft og kvalitetsutvikling.

Økonomiske konsekvensar:

Tiltaka i handlingsplanen krev ikkje auka kommunal finansiering, men skal finansierast innanfor føretaket sine rammer og gjennom auka ekstern inntening. Investering i straumaggregat kan krevje særskilt vurdering og eiga sak i samarbeid med Kinn kommune.

Vedlegg i saken:

Handlingsplan Bordgleder 2026



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/56249
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 22.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utsval	Møtedato
033/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	22.10.2025

Refererte skriv og meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 22.10.2025:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.

BOGL- 033/25 Vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:

Innsynskrav - totalt innsynskrav - Bordgleder KF

Innsynskrav - innsyn i dokumentnr. 22_3321- Handsaming av lønnskrav frå dagleg leiar i Bordgleder KF

Innsynskrav - innsyn i dokumentnr. 24_55788 - Lønn daglig leder

Innsynskrav innsyn i dokumentnr. 20_19421 - Arbeidsvilkår for dagleg leiar i Bordgleder KF mv.

Innsynskrav - innsyn i dokumentnr. 20_35870 - Tilsetting i stilling som dagleg leiar i Bordgleder KF

Journalføring av henvendelse – Bordgleder KF

Innsyn – hastebehandling før styremøte 22.10.2025 i KF Bordgleder

FJT Priser til Kinn Kommune 2025